



# ARNA ROTARYKLUBB

Charterdato: 23 oktober 1961

|                       |                      |
|-----------------------|----------------------|
| President             | Ingeborg Eliassen    |
| Innkommende president | Jan Otto Hammersland |
| Past president        | Jon Heimset          |
| Sekretær              | Odd Fosse            |
| Kasserer              | Sveinung Bøe Mjelde  |
| Styremedlem           | Bjarte Fadnes        |

## MÅNEDSBREV

**Juni 2011**



### Møte 06. juni 2011.

Vi vart ønska velkommen til Svendsgården av Einar Mørk, som også fortalte om gården.

Her er mange rom, stova, kanselli, soverom osv. Rangordninga var streng med kjøpmannen på topp i hierarkiet.

Den siste kjøpmannen her bar navnet Kristoffer Ellingsen.

Dei viktigaste handelsvarene var eksport av tørrfisk og import av korn. Byttehandel var den vanlegaste måten og slik varte det fram til det attende århundre.

Bygga vart sett opp på tømra kar som vart fylt med stein for å sikra at dei ikkje flaut opp. I dag er kaifronten 60 til 70 mtr lengre framme.

Alt for tusen år sidan starta utbygging på dette viset. Gjennom åra har det i snitt oppstått brannar omlag kvart hundreår.

Slik sett var Bryggen meir og mindre ein kontinuerlig byggeplass.

Hanseatane heldt fram med den samme byggestilen. I tida frå 1850 til 1900 vart det lagt stadige planar men lite skjedde.

På byrjinga av 1900- talet starta arbeidet med å fornya Bryggen, men mange hendingar, brannar og eksplosjonen i 1944 gjorde store skader, ikkje minst brannen i 1955.

I mange år var det også gjort svært slett vedlikehald.

I 1962 med Asbjørn Herteig som drivande kraft vart arbeidet med å setja i stand bygga påbyrja etter at folkemeininga hadde snudd til positiv haldning. Samtidig vart det også lagt vekt på vern, og sprinkling kom i gang. Bryggen omfattar 61 bygg og stiftelsen eig halvparten. Det vart dermed også nødvendig å få dei private eigarane med på tiltaka for å verne alle bygga. Det er ei kjensgjerning at havet stig og bygga sig. Skal ein sikra at bygga kan takast vare på over tid må dei hevast for å unngå at sjøen sig inn så snart det er flo over normalen. Dette er eit arbeid som er svært krevjande. Verdensarvtraktaten vart ratifisert i 1976 og Bryggen kom på verdensarvlista. I 1979 vart nødvendig vedlikehaldsarbeid vurdert til ein kostnad på 260 mill. kr. Det første året fekk stiftelsen 2 mill. kr, og beløpet har stige til 20 mill. pr år i dag. Tidlegare ordførar Ingmar Ljones fekk godord for å ha gjort stor innsats for å få dette til.

Me fekk også helsa på Atle Østrem og Trond Oaland som kunne arbeidet med å laga alle deler ( vindauger, dører , lister) på samme vis som opprinneleg og ikkje minst med samme type verktøy. Me fekk også sjå korleis arbeidet vart utført. Det var interessant å sjå alle dei knivprofilar og høvlar som fantes. Ingen kunne vera i tvil om fagkunnskapen deira. Østrem hadde til dømes doktorgrad i høvling. Hendinga tok som rimeleg er meir enn ein time. Me avslutta med å gje ei tradisjonell takkegåve.

*Ref.: Sverre*

**Møte 20 .juni:** *Komiteene arbeider.*

Det foreligger ikke referat fra møtet.

## **Møte 27.juni**

President Ingeborg ønska alle velkomne til møte som dreier seg om presidentskifte, men med de tradisjonelle treminutter først.

**Sverre sine tre minutter** handla om ei selsom nattlig oppleving med ubedne gjester som forsynte seg med PC og litt anna før dei drog avgarde att. Truleg har kona vakna og gått fram uten å veta at det var folk i huset. Dei må ha høyrte lyden av hennar rørsle og av den årsak drege avgarde uten den store fangsten, men likevel hadde dei greidd å ødeleggja alarmsentralen. Det var ei svært traumatisk oppleving som ikkje vert gløymt så fort.

**Utvexlingstudenten,** Lauren, som deltek på sitt siste møte vart takka av og ønskt lukke til med heimturen. Ho kvitterte med å takke for ei strålande tid med mange rike opplevingar og takka spesielt vertsfamiliane for at dei hadde gjort opphaldet ekstra rikt.

**Ingeborg** gav ein gjennomgang av Rotary året sitt, som ho tykte hadde vore svært aktivt og gått fort. Det vanka godord til positive medlemmer og ikkje minst til eit svært kompetent styre.

Sju styremøter er haldne i året. Ho tok ein rask gjennomgang av dei respektive prosjekter som har vore på dagsorden og som har vorte handtert på ypparleg vis. Fem nye medlemmer er tekne opp, og ARK er nå oppe i totalt 47 medlemmer. Harald Gjengedal har meldt seg ut.

Vår økonomiske situasjon har gjeve oss høve til å dele ut pengegåver til fleire gode formål. Her kan nevnt Fangeleiren på Espeland, Museumsjernbanen på Garnes og andre.

Nevnt vart også dei mange interessante yrkesforedrag som er haldne.

Den gode økonomien er eit resultat av utdanningsmessa som dette år skal haldast den 10 nov. Ho gav også ros til Leif Harald og John som har orientert oss om rotary stoff. Presidenten avslutta med å gi uttrykk for eit opplevingsrikt år.



Med alle medlemmane ståande fekk Jan Otto Hammersland overrekk presidentkjede som eit teikn på at nå har han overteke presidentfunksjonen.

Han takka for tilliten og gav ein rask presentasjon av sine tankar om det han ville leggja vekt på uten å endre kurs og drog fram verdenspresidentens motto for året. Han gjorde det heilt klart at me må ikkje rekna med å verta minna på treminuttene når vi står for tur Trua på på det styret som skal støtta han er stor. Han ser for seg at vi kan verta betre ikkje minst på marknadsføring for å gjera Rotary meir kjent i lokalmiljøet. Inntrykket gjennom førebuinga til presidentembete hadde klart vist at Arna er ein aktiv klubb i distriktsamanheng. Tanken om å få istand eit Intercitymøte er høgst aktuelt. Han sa seg også spent på guvernøren Ingunn Olsen Mossefinn frå Odda.



Trond la til slutt fram programplan for sommeren med ønskje om at dei som har ferieminner å dele med andre, melder seg.

*Ref.: Sverre*